

## Vedlegg 1

### Fag- og timefordeling - nærare om korrigeringsfaktorane

#### Studiespesialisering (ST)

I samsvar med føresetnadene i prinsippa, legg budsjettfordelingsmodellen opp til at alle skular som har ST skal kunne tilby spesiell studiekompetanse. Fag- og timefordelinga tek utgangspunkt i ein klasse pr trinn og syner kor mange undervisningstimar inkl. delingstimar tilbodet krev. I ny budsjettfordelingsmodell er det lagt inn korrigeringsfaktorar for skular med fleire parallellar (stordriftsfordelar). Døme: Matematikkdelinga og språkdelinga kan leggjast parallelt slik at elevar kan hentast frå fleire klassar til dei same undervisningsgruppene. Det vil då, samla sett, vere behov for færre grupper. For ST vil desse korrigeringsfaktorane også gjelde programfaga.

#### Studieførebuande utdanningsprogram (SF)

Modellen har lagt inn korreksjonar for fleire parallelle klassar også på dei andre SF programområda (Idrettsfag, Musikk, dans, drama, Kunst, design og arkitektur, Medier og kommunikasjon). Moglegheitene for samkøyring av opplæringa mellom klassar er meir avgrensa på desse utdanningsprogramma enn på ST. Ein har difor vore meir forsiktig med korrigeringar her.

#### Påbygging til generell studiekompetanse (PB)

I modellen er det lagt til grunn ressurstildeling til eitt programfag på PB vg3. Dette kan vere tilstrekkeleg, men ein er då avhengig av å kunne kombinere med grupper på ST for å oppnå meir breidde. I dei tilfella der ein tilbyr PB på skular som ikkje har ST, kan tildelinga av timar vere noko knapp. Her vil skulane få tildelt delingstimar til ei ekstra gruppe programfag.

For reine vg4 PB-klassar (tilbod til dei med rett til PB etter oppnådd fagbrev) er det lagt til grunn ei avkorta ressursramme i samsvar med faktisk behov etter læreplanen.

#### Yrkesfaglege utdanningsprogram (YF)

Det er i modellen lagt til grunn korrigeringsfaktorar på YF ved at skular med fleire klassar kan slå saman (partals) klassar i to fellesfag på vg1 og eitt fellesfag på vg2. Dette er ei vidareføring av føresetnader som låg i begge dei to tidlegare budsjettmodellane.

#### Halve klassar

Korrigeringsfaktorar for halve klassar er basert på at desse vert finansiert innanfor ramma av 0,75 klasseressurs.